

Markering av fastelavn i Uskedal barnehage

09.02.2018



Tradisjonar er ein viktig del av vår kultur, og identitet. Gjennom å vidareformidla tradisjonar i barnehagen, bidreg vi til å utvikla barna sin identitet, og skapa ei kjensle av tilhørsle, og fellesskap til samfunnet dei veks opp i. Fastelavn er ein av tradisjonane våre som vi kvart år markerer i barnehagen.

I Uskedal barnehage har ungane glede seg til fastelavn. Dette er kjekt. Heile denne veka har gått med til førebuingar til markeringa av fastelavn på fredag i barnehagen.



Personalelet har fortald historier knytt til fastelav, til eit lydhøyrte publikum. Ungar og voksne har vore på tur i skogen, å henta inn bjørkeris til å lage fastelavnsris av. Ungane har likevel sameinast i at det beste med fastelav er bollane. Fastelavnsbollar med krem og syltetøy, finnes det noko betre? Mange ivrige ungar har delteke aktivt i prosessen av bollebakinga.

Då tenkjer du kanskje at dei veit å kosa seg i barnehagen. Vi veit å kosa oss saman med barna, men beivist personale er gode på å knyta tradisjon, leik og læring saman.

Bolle-baking er ikkje bare bolle-baking. Her er det mykje god og skjult læring .

I prosessen lærer ungane å samarbeida, dei får kunnskap om kosthold-kvardagsmat og festmat, dei nyttar realfag, får medverka, språk trening, nyttar norskfaget og les oppskrift, lærer seg å venta på tur, hjelper kvarandre, planlegg, er kreative og nyttar dei estetiske sansane sine. Læring går som ein leik, og leik er læring.



Mestringskjensla og forventingane hjå ungane då bollene sto ferdige på disken, klare til å bli steikt, må bare opplevas. Sjå det der er mi bolle. Sant den var stor og fin? Stolte ungar som gleda seg til å smake.

Resultatet vart svært bra. Før maten hadde vi fastelavnsamlingsstund, med forteljing og song. Men i dag var det vanskelig å venta..... skal vi ikkje eta nista vår no? Alle viste jo at etter nista skulle vi få eta fastelavnsbollar. Etter at nista var eten vart det heilt stille rundt bordet. Fastelavnsbollar med krem. Dette syntes ungane var godt.

Innimellan kunne ein høyra barnestemmer som sa: Sjå den bolla har eg laga. Å detta var godt. Eg kan få alle typar syltetøy under kremen altså. Eg likar både jordbær og bringebær. kan vi blanda? Eg likar best utan krem. Detta var nyyyyydeleg. Eg er flink å baka.

Med desse små glimta frå barnehage kvardagen vår vil vi ynskja alle ein god fastelavnsøndag.

Tekst/Foto: Ann Irene Sæle, Uskedal barnehage
Nett: Hans Ordin Østebø